

STATUTTAR
FOR
HAREIDPRISEN
-KULTURPRIS FOR HAREID-

1. Sparebanken Møre Hareid og Hareid kommune samarbeider om å dele ut kulturpris. Namnet på kulturprisen er Hareidprisen. Prisen, som består av diplom og eit prisbeløp f t på 25.000 kroner, kan delast ut kvart år.
2. Det administrative arbeidet rundt pris-tildelinga står Hareid kommune for, prisbeløpet vert dekt av Sparebanken Møre.
3. Hareidprisen vert tildelt enkeltpersonar, grupper, lag eller organisasjonar frå Hareid kommune som i løpet av året, eller gjennom ei årrekke, har gjort ein særleg stor og verdfull innsats innanfor det utvida kulturomgrepet.
4. Hareidprisen kan utdelast som ei oppmuntring for utført innsats, eller som eit stipend.
5. I god tid før prisutdelinga skal det kunngjerast i lokale media og på kommunen si heimeside at grunngjeve forslag til kulturprisvinnar kan sendast Hareid kommune ved kulturavdelinga, innan fastsett dato.
6. Levekårsutvalet i kommunen gjer endeleg vedtak om tildeling av Hareidprisen. Levekårsutvalet kan gje prisen til ein av dei foreslegne kandidatane, eller til ein kandidat utvalet sjølv foreslår. Sparebanken Møre Hareid har høve til å innstille kandidat til kulturprisen.
7. Utdelinga av Hareidprisen vert gjort av ordføraren og ein representant for Sparebanken Møre Hareid. Hareidprisen skal som hovudregel delast ut under Hareidsstemna.

Statuttane vedtekne av Levekårsutvalet i møte 28. mars 2017